



Arkivnr: 2019/9684-1  
Saksbehandlar: Silje Lyngstad

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		29.05.2019
Fylkestinget		12.06.2019

## Årsmelding, handlingsprogram og protokoll frå Ungdommens fylkesting

### Samandrag

I Hordland fylkeskommune sitt delegasjonsreglement er Ungdommens fylkesting pliktig til å gjere følgjande:

«Protokoll frå ungdommens fylkesting, og det nye handlingsprogrammet, vert lagt fram for fylkestinget innan 1. juli. Ungdommens fylkesutval skal godkjennast av fylkestinget.»

Ungdommens fylkesting hadde sitt fylkesting 15.-17. februar 2019 kor det blei vedteke eit nytt handlingsprogram/planprogram for 2019 og godkjent årsmelding for 2018. Det blei også valt eit nytt ungdommens fylkesutval for perioden februar 2019 til februar 2020. Dette er stadfesta i protokollen frå Ungdommens fylkesting.

Vedlagt i denne saka er protokoll frå Ungdommens fylkesting 2019, handlingprogram/planprogram for 2019 og årsmelding for 2018.

I tråd med delegasjonsreglementet vert årsmelding for 2018, handlingsprogram/planprogram for 2019 og protokoll frå 15.-17- februar 2019 lagt fram til orientering. Fylkestinget vert og beden om å godkjenne samansettinga av ungdommens fylkesutval slik det kjem fram av protokollen.

### Forslag til innstilling

Fylkestinget tek årsmelding for 2018, handlingsprogram/planprogram for 2019 og protokoll frå 15.-17-februar 2019 til orientering.

Fylkestinget godkjenner samansettinga av ungdommens fylkesutval slik det kjem fram av protokollen.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Bertil Søfteland  
leiar fylkessekretariatet

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*